



Der gamlevegen mot Børsdalen tek av frå fylkesvegen viser skiltet til ULVANÅSO

**Heiter Uskedalens nærmast heilage og majestetiske fjell Ulvanosa eller Ulvanåso? Typisk nok har to skilt i dalen den eine skrivemåten – og to skilt den andre. Eit skilt har rett nok ein tredje skrivemåte, nemlig Ulvenosa, men det er vel helst ein eldre versjon.....**

Meiningane er med andre ord høgst delte og mykje tyder på at både skrivemåtane NÅSO og NOSA i og for seg er rette – men at premissane som ligg til grunn er høgst forskjellige. Når uskedalen.no så langt har nytta Ulvanåso er grunnen den enkle at dette er namnet som uskedalingane nyttar i si daglegtale.



Der vegen mot kalkingsanlegget kryssar elva peikar eit skilt mot ULVANOSA

Men vi er vel vitande om at filologane og då ikkje minst språkeksperter som ikkje bur i Uskedalen, er av ei anna meining.



...medan ein skal gå mot Ulvanåso  
straks ein kjem over elva!

Til dømes skriv Hermund Fenne slik til oss:

”Ser på nettsida at de bruker forma ”Ulvanåso”. Det er ikkje i tråd med reglane for skrivemåten av stadnamn. Etterleddet er bunden form av substantivet nos, eit vanleg ord i norske stadnamn. Då skal det skrivast nos, som i ordbøkene, og ikkje ”nås”. Om de bruker a- eller o-ending kan vera det same når namnet vert brukt i lokal samanheng, men den landsgyldige forma – og dermed den forma som skal stå på offisielle kart – må vera Ulvenosa (bindevokalen skal ikkje normaliserast til e).”

Kva meiner du? Skriv til oss!

Av Ola Matti Mathisen



Ved kalkingsanlegget ber det mot ULVENOSA!